

Korleis bør
kommunen følgje
opp ulovlege
landbruksvegar,
og når er det krav til
reguleringsplan?



Statsforvaltaren i Vestland



24.05.2024



Disposisjon

- Landbruksveg etter landbruksvegforskrifta
 - Forskrifta i høve til plan- og bygningslova
 - Når gjeld forskrifta
 - Søknadsplikta
- Etterfølgande godkjenning av landbruksveg
 - Landbruks- og matdepartementet si omgjerung
 - Oppfølging av ulovlege handlingar
 - Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek
- Reguleringsplan
 - Reguleringsplikt for bygging av skogsbilveg etter landbruksvegforskrifta
 - Er det heimel for at det i kommuneplanen blir sett krav om reguleringsplan for godkjenning av skogsbilveg i LNFR-områder?



Landbruksveg - landbruksvegforskrifta

- Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav I.
 - «anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass» er omfatta av føresegnene for byggesaker
- Plan- og bygningslova § 20-6
 - Unntak for tiltak som blir «tilfredsstillende behandlet etter andre lover»
 - Forskriftsheimel
- Byggesaksforskrifta § 4-3 bokstav e
 - Unntak for landbruksvegar som er godkjent etter landbruksvegforskrifta
- [Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier - Lovdata Pro](#)



Når gjeld landbruksvegforskrifta?

- Landbruksvegforskrifta § 1-3 første ledd - virkeområde
 - «Denne forskriften omfatter nybygging og ombygging av landbruksveier, hvor landbruksvirksomhet utgjør hovedformålet.»
 - Unntak for mindre tiltak i § 1-3 andre ledd
- § 1-2 Definisjonar
 - Landbruksveg:
 - «bilveier og traktorveier som bygges i samsvar med normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse fastsatt av Landbruks- og matdepartementet, samt enklere veier som er nødvendige for landbruksvirksomhet»
 - Landbruksvirksomhet:
 - «jord- og skogbruk, herunder gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.»



Landbruksdirektoratet sine kommentarer til forskrifta

■ Landbruksveg

- Dette er veier som er nødvendige for landbruksvirksomhet og der slik virksomhet utgjør hovedformålet. Med hovedformål menes at nytten for landbruksvirksomhet er over 50 prosent av samlet nytte. Dette innebærer at hvis en vei er nødvendig av hensyn til driften av gården og utnyttelse av ressursene på eiendommen er den å oppfatte som landbruksvei og landbruksveiforskriften gjelder. Hvis det derimot ikke er dokumentert behov i jord- eller skogbruk, eller veien i hovedsak skal benyttes til ferie- og fritidsinteresser, skal veien behandles etter plan- og bygningsloven.

■ Landbruksvirksomhet

- «Landbruksvirksomhet» er jord- og skogbruk, herunder gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag jf. landbruksveiforskriften § 1-2. Landbruksområder vises som landbruks-, natur,- og friluftsområder (LNF) i kommuneplanene. Det som klart faller innenfor landbruksvirksomhet er produksjoner som melk, kjøttfe, kylling, egg, gris, geit, sau, pels, korn, gras og skog.



Landbruk og nytteverdi

- Veggen må vere omfatta av LNFR-føremålet for å være landbruksveg
- Garden som ressurs gir føringar for når eit tiltak er omfatta av LNFR






Søknad om bygging av landbruksveg

- Søknadsplikt, forskrifta § 2-1
 - «...kan ikke iverksettes uten skriftlig tillatelse fra kommunen.»
- Krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrifta § 2-2
 - «Nybygging av landbruksveier med en lengde på over 5 kilometer skal vurderes konsekvensutredet før vedtak fattes.»
- Krav om reguleringsplan?
 - Dette kjem eg tilbake til



Etterfølgande godkjenning av landbruksveg Departementet sitt vedtak av 22.01.2024

- Saka: Etterfølgande godkjenning av 150 meter veg som landbruksveg
- Bergen kommune avslo 02.07.2021
 - Veggen kunne ikkje reknast som landbruksveg
- Statsforvaltaren i Vestland godkjente veggen som landbruksveg 18.10.2022
- Naturvernforbundet Hordaland kravde vedtaket omgjort
- Landbruks- og matdepartementet oppheva vedtaket 22.01.2024





Etterfølgande godkjenning av landbruksveg Grunngjevinga for departementet sitt vedtak

«Reglene i plan- og bygningsloven, skogbruksloven og jordlova er samordnet når det gjelder byggesak. Plan- og bygningsloven har regler som åpner for å gi unntak frå byggesaksreglene, jf. §§ 20-5 og 20-6. For landbruksveier er det gjort et unntak i byggesaksforskriften § 4-3 bokstav e. Dersom det er gitt tillatelse til bygging av landbruksvei etter landbruksveiforskriften, er det dermed ikke nødvendig å søke om byggetillatelse etter plan- og bygningsloven eller tilhørende forskrift.

I denne saken forelå det ingen tillatelse etter landbruksveiforskriften. Konsekvensen av det er at tiltaket heller ikke var unntatt fra byggesaksreglene etter plan- og bygningsloven da veien ble bygget. Departementet legger til grunn at verken skogbruksloven eller bestemmelser i landbruksveiforskriften gir hjemmel for å legalisere allerede bygde veier, selv om veiltaket som sådan fyller vilkårene for å kunne anses som en landbruksvei etter landbruksveiforskriften.»



Kva er følgja av departementet sitt vedtak?

- Godkjenning før arbeidet tek til!
- Oppfølging av ulovlege handlingar
 - Med heimel i plan- og bygningslova
 - Etterfølgande søknad
 - Må handsamast etter plan- og bygningslova
 - Reglane for byggesak i lova sin fjerde del gjeld
 - § 30-4 Andre varige konstruksjoner eller anlegg. Vesentlige terrenginngrep mv.
 - «For varige konstruksjoner eller anlegg, vesentlige terrenginngrep og anlegg av veg eller parkeringsplass, gjelder bestemmelsene gitt i eller i medhold av denne loven så langt de passer...»
 - Nabovarsel, sikker byggegrunn, ansvarlig søkar, tekniske krav, og så bortetter
 - Landbruksveg er i tråd med LNFR-føremålet
 - Ikkje krav om dispensasjon
 - Gebyr



Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek

- Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek, men kan hende ikkje plan- og bygningslova?
- Heilskaplege landbruks- og miljøomsyn
 - Landbruksvegforskrifta § 3-2 første ledd:

«Saker som behandles etter denne forskriften skal undergis landbruksfaglige og miljøfaglige vurderinger, jf. § 1-1, og hvor det blant annet skal legges vekt på:

 - a. helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrenser,
 - b. konsekvenser som bygging, ombygging og bruk av veien vil ha for miljøverdier,
 - c. faren for flom, erosjon og løsmasseskred.»



Landbruksveg og reguleringsplan

- Ikkje unntak frå reguleringsplikta for landbruksveg
 - Plan- og bygningslova § 12-1 andre og tredje ledd første punktum:
 - «Kommunestyret skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, flerbruk og vern i forhold til berørte private og offentlige interesser.»
 - «For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.»
- Spørsmålet er då når det er krav om reguleringsplan for landbruksveg etter landbruksvegforskrifta





Landbruksveg og reguleringsplan

- [Tolkningsuttalelse om reguleringsplikt for landbruksvei - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
- To problemstillinger:
 - Er det reguleringsplikt etter plan- og bygningslova § 12-1 tredje ledd for bygging av skogsbilveg etter landbruksvegforskrifta?
 - Gir plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1 heimel for at det i kommuneplanen blir sett krav om reguleringsplan for godkjenning av skogsbilveg i LNFR-områder?



Nærmare om den første problemstillinga

- Kommunalt ansvar å sørge for reguleringsplan viss vilkåra er til stades
- «I lys av behandlingen vegene får etter forskriften, vil det ikke være naturlig å utløse reguleringsplikten med mindre det er snakk om anlegg av helt ekstraordinær størrelse. Eller når det for eksempel gjelder veganlegg som skal benyttes som atkomst til hytteområder slik at vegen får kombinert bruk.»
- Inga bestemt veglengde, men lengda på vegen kan ha betydning
- Først og fremst negative verknader for miljøet som kan bli avgjerande
 - Nybygging meir enn ombygging
 - Bratt terreng meir enn flatt terreng
- Reguleringsplan likevel ikkje føresetnad for tillatelse etter landbruksveiforskrifta



Nærmare om den andre problemstillinga

- Gir plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1 heimel for at det i kommuneplanen blir sett krav om reguleringsplan for godkjenning av skogsbilveg i LNFR-områder?
- Kommunen har heimel til å stille krav om reguleringsplan uavhengig av arealføremålet
- «Departementet kan imidlertid ikke se at en bestemmelse i kommuneplanen etter pbl. § 11-9 nr. 1 i seg selv gir tilstrekkelig hjemmel for at reguleringsplan må foreligge før det kan gis tillatelse etter landbruksveiforskriften. Slik hjemmel må eventuelt finnes andre steder, for eksempel i sektorregelverket.»